

Aktivitetsplan 2006

Arrangement	Dato	Mnd	Ansvarleg
Basar	22. okt		Styret
Øvingshelg	10.11. og 12. nov		Styret - noteutval
S. og Fj. Meisterskap	18. nov		Styret - noteutval
Julegrantening Vågsvåg	3. des		Styret
Julekonsert	17. des		Noteutvalet
Juletreffest	28. des		Eli, baryton, euphonium
Nyttårskonsert	6. jan		Erling, bass, slagverk, kornettar

Torskangerpoll til Sandane

Torskangerpoll musikklag til Sogn og fjordanemeisterskapen til Sandane.

Vi håper no på godt frammøte på øvingane, og at alle kan best mulig si stemme på musikkstykkane vi skal spele laurdag 18. november. Helga før er det øvingshelg for å finpusse med innleigd instruktør. Vi startar fredag kveld, og held fram laurdag og søndag. Vi er og begynt å legge planer for nyttårskonserten laurdag 6. januar.

Britt Hilde dirigerte

Når Lars Bjørnar og Britt Hilde var her på haustferie dirigerte Britt Hilde oss på siste øving. Det var eit kjekt innslag, og artig å få føling med nok ein instruktør frå våre eigne rekker. Ho var flink og vi takkar så mykje gjennom VG.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vannrett:

1. Stor kommune
langt nord

5. Skitten
6. Svi

Loddrett:

1. Kan velte stor last
2. Type
3. Odde
4. Forstå

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 9

13. årgang

Laussal: Gratis

oktober 2006

Klart for musikkbasar

Velkommen til Torskangerpoll Musikklag sin
musikkbasar

Søndag 22. oktober
klokka 17.00 i

Våge/Oppedal Grendehus

Det blir kafeteria, åresal, loddsal, tipping, over/under sju, lykkehjul, musikk og underholdning. Masse flotte gevinstar på bøkene.

Underholdning ved

Torskangerpoll Musikklag og Holvik Skulekorps.



Møt opp til god gammaldags basarstemning på Våge-Oppedal grendehus søndag 22. oktober. Sjå plakat hos Oldeide og i plakatassene. Basaren begynner kl 17.00. Det er mange flotte gevinstar. Om nokon vil gje oss gevinstar gje beskjed til Eli på tlf 90773013, eller lever inn på basaren. Vi har mange kjekke basaraktivitetar. Holvik skulekorps deltek. Det blir t-skjorteslepp.

www.torskangerpoll.no


Tilbyr DVD med stormfoto på

Hans Ole Færestrand har laga ein dvd med over 500 bilder frå stormfestivalen i haust.

Stormfestival DVD-en 2006 er no ferdig. Eg enda til slutt opp med 507 bilder som er lagt inn i 7 ulike automatiske lysbildeseriar.

I tillegg er den ein serie med 19 utvalde bilder som eg har bearbeida litt ekstra. Det er lagt på musikk til alle lysbildesseriane, men dei som ynskjer det kan sjølv-sagt leggje på musikk etter eigen smak ved å slå på stereoanlegget ved sida av, eller nyte bilda i full stillheit.

Pris kr 200,- + frakt (fraktfritt ved bestilling av 5 eller fleire til same adresse)



Du kan sende bestilling pr mail eller sms/telefon. Det vil vere mogeleg å kjøpe papirkopi av bild-er frå DVD-en for dei som ynskjer det.

Vredens Gnag sin redaksjon har sett bilda, og det er verkeleg eit flott minne.


Vil du vite meir, eller ha bilder så kontakt:

Hans Ole Færestrand
Stormfotograf
stormfoto@online.no
913 27 807



Ver klar til vinteren

Alle har høyrte om selbuvottar. Men få har høyrte om Terje sin nye patent, Selbuøyretelefonar. (Sjå til høgre). Dei varmar og gjev god lyd på same tid. Nyttige ting å ha no til vinteren. Under ser vi John Inge som har satsa stort på bjørkeved til vinteren. Han seier at har du ei kamin, god bjørke-ved, eit par fyrstikker, ei tørr avis og litt kveikje så er det ingen grunn til at du skal fryse til vinteren.



Film- og kosekveld

Planen er å invitere alle som hjelpete til under festivalen til ein kveld der vi kan sjå bilde, film og mimre over den vellukka festivalen. Datoen kjem styret til-bake til.

Stormkomiteen vil igjen takke alle som hjelpete til før under og etter festivalen, og som støttar korpset og kulturlivet.

